

## REFERAT FRÅ MØTE I FFU

**TYSDAG 11.9.2018 KL. 11.15 – 13.00**

**Til stades:** Eike Schnall (leiar), Agnete Nesse, Gisle Selnes (for Christine Hamm), Scott Rettberg (for Henning Laugerud), Juliane Tiemann, Samantha Smith (for Fredrik Parelius) og Erik Bjerck Hagen.

**Forfall:** Gunnstein Akselberg

**Frå administrasjonen:** Håvard Ø. Peersen og Anne Berit Apold (skrivar)

### **Saker:**

- I. Godkjenning av innkalling
  - Innkallinga vart godkjent.Det var semje om at det er greit å bruka «doodle» for å finna møtetidspunkt.
  
- II. Framlegging av referat frå møtet 5.6.2018

### **17. Høyring - Forskrift for graden philosophia doctor (ph.d.) ved Universitetet i Bergen – diskusjonssak**

Ved LLE har alle tilsett fått tilsendt høyringssaka med høve til å melda inn kommentarar. Det kom tre tilbakemeldingar frå dei tilsette og desse merknadane vart lagt fram for FFU. Saka vart drøfta, og det var semje om å melda inn følgjande kommentarar:

1. I § 5-5-2 som tek opp tvungen avslutning av på grunn av forseinking eller manglande framdrift er punkt c) noko vagt formulert. Ein kan aldri vera sikker på at kandidaten klarar å gjennomføra forskarutdanninga på normert tid og det vil som regel vera eit viss tvil knytt til dette spørsmålet. Det er ønskeleg at punkt c) vert formulert tydelegare ved at ein i staden for å bruka omgrepet «begrunnet tvil» skriv om setninga og t.d. brukar «stor grunn til å tru».
  
2. I § 6-1, første avsnitt, står det at ein eller fleire rettleiarar kan utpeikast i tillegg til hovudrettleiar. Dette bør avgrensast til at kandidatar normalt har to rettleiarar, ein hovudrettleiar og ein siderettleiar. Merk òg at «en» som tall-ord vert skriva trykksterkt, altså én.

3. Det er foreslått å fjerna paragrafen som gjeld avslutning av rettleiing (§ 6-4 i gjeldande forskrift). Det er i så fall særst viktig at dette temaet vert tatt med i arbeidet med nytt ph.d.-program ved fakultetet.
4. Det er noko uklårt kva som er skilnaden på § 11.2 og § 12.4 i framlegg til ny forskrift.
5. Me tilrår at UiB innfører eit tillegg og ei justering av § 12 i forskrifta. UiB bør få den same praksisen som andre universitet når det gjeld vurdering av doktoravhandlingar, nemleg at vurderingskomiteen kan tilrå at kandidaten får høve til å gjere omarbeidingar før endeleg innstilling ligg føre. Eit mønster for UiB kan her vere § 14.2 i Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Oslo eller § 15.2 i Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved NTNU.

I denne samanhengen høyrer det med at vurderingskomiteen òg vurderer ein eventuell omarbeidd versjon av doktoravhandlinga, og at denne versjonen vert rekna som del av den same innleveringa, dvs. at kandidaten ikkje har brukt opp moglegheitene sine til innlevering. Dersom avhandlinga så vert underkjent, også etter omarbeiding, skal kandidaten ha éin siste sjanse til innlevering.

Denne endringa vil gjere slutt på det heilt spesielle reglementet ved UiB, og kan bidra til å fjerne ein del forvirringar og uryddige tilhøve.

### **18. Justert tidsplan for oppretting av eige ph.d.-program for Det humanistiske fakultet – diskusjonssak.**

Fakultetet sender ut utkast til forskarutdanningsprogram til høyring 3. oktober. Høyringsfristen er sett til 31. oktober. FFU drøfta korleis instituttet best kan handtera høyringssaka. Det var semje om følgjande prosedyre: Høyringssaka vert sendt ut til alle tilsette ved LLE, men ein ber om ei samla tilbakemelding frå fagmiljøa via fagkoordinator. Tilbakemeldingar frå fagmiljøa må leggjast fram for FFU. Møte i FFU bør vera om lag ei veke før høyringsfristen.

### **19. Oppfølging av ph.d.-kandidatar som har vore lenge i ph.d.-programmet – diskusjonssak**

FFU drøfta saka og støtta opp om initiativet til å følgja opp kandidatar som har vore lenge i ph.d.-programmet etter at finansieringa gjekk ut. Det vart etterlyst opning for kunna føra timar i timerekneskapen for rettleiing til dei kandidatane som er «over tida».

## 20. Orienteringssaker

### a) Individual Fellowship 2018 (postdoktorstipend frå Marie Curie), søknadsfrist 12. september.

Eike orienterte kort om status for søknader ved LLE. Det vert sendt søknader frå fagområda norrøn filologi (3), digital kultur (3) og kunsthistorie (1), desse sju inn-reisande, og ein utreisande frå kunsthistorie.

### b) Nasjonal satsing på forskingsinfrastruktur (NFR) søknadsfrist 10. oktober.

Frå LLE søker Koneraad de Smedt, i samarbeid med UB, IT-avdelinga og UiO, midlar til eit prosjekt som gjeld lagring av forskingsdata. Odd Einar Haugen er med på ein søknad som vert sendt frå UiO.

### c) Stipendiatstillingar.

Det har vore lyst ut ei stipendiatstilling (4-årig) i samband med Helen Francis-Leslie sitt BFS-prosjekt, og tre stipendiatstillingar (ei 4-årig og to 3-årige) knytt til Jill Walker Rettberg sitt ERC-prosjekt. For dei opne stipendiatstillingane med søknadsfrist like etter påske er det tilsett 3 stipendiatar; Erlend Liisberg (allmenn litteraturvitskap), Hannah Ackermans (digital kultur) og Nina Stensaker (norrøn filologi). I tillegg vert desse tilsett i samband med den siste utlysinga: David Carillo Rangel og Magnus Andre Knustad.

### d) Postdoktorstillingar.

Det er tilsett 4 postdoktorar ved LLE og desse er: Bamba Dione (datalogvistik), Peter Svare Valeur (allmenn litteratur), Tonje Haugland [Sørensen](#) (kunsthistorie) og Randi Neteland (nordisk språk). I tillegg er det lyst ut ei postdoktorstilling i allmenn litteraturvitskap der søknadsfristen var 24.6.2018.

### e) Innmelding av publikasjonskanalar til NSD.

Frist for innmelding er 30. november.

### f) Omlegging av Forskingsrådet sine rutinar for utlysing av prosjektmidlar

Håvard orienterte kort om omlegging av forskingsrådet sine rutinar som gjeld utlysings av prosjektmidlar. Målet er at forskingsfinansiering frå Forskingsrådet skal følgje dei rutinar som blir brukte i EU. Det skal bli ein gjennomgåande struktur for alle programråde, der søknadene vil bli vurderte etter følgjande kriterier:

- Originalitet og innovasjon (Excellence)
- Verknad og effekt (Impact)
- Gjennomføring (Implementation)

Neste søknadsfrist blir 10. april, og til dess vil det komme nye nettsider og nye malar. Forskingsavdelinga ved UiB har etablert ei eiga arbeidsgruppe som skal førebu fakultet, institutt og forskarar på omlegginga og lage eit opplegg for brukarstøtte.

## **21. Ymse**

- **Fulbrightstipend for norske statsborgarar til USA 2019-20.**  
Søknadsfrist er 1. oktober.
- [Akademiavtalen mellom UiB og Equinor](#) skal fornyast.  
Frist for innsending av skisser er måndag 24. september.